



Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Referanse

2011/10826-MAHAU

Dato

21.11.2011

## Svar til studieplanendringar ved Institutt for Biologi - forslag om to nye masterstudieretningar

Molekylærbiologisk institutt (MBI) viser til brev frå Institutt for Biologi om forslag til to nye masterstudieretningar, datert 17.oktober 2011. Studieprogramma er omtalt kvar for seg.

### Masterprogram i biologi - studieretning miljøtoksikologi

Forslaget til ny studieretning overlappar ikkje direkte med forskning ved MBI, men MBI ønskjer å kommentere tilrådde emne i bachelorgraden.

Emna MOL200, MOL202, MOL204 og MOL270 står oppført i lista over tilrådde emne i bachelorgraden. MOL202 er obligatorisk for bachelorstudentar i molekylærbiologi og MBI har ikkje moglegheit til å garantere plass på emnet for studentar på andre studieprogram. MBI er usikker på om MOL202 er tilstrekkeleg laboratorietrening i molekylærbiologi for ei mastergrad i miljøtoksikologi, ref. mål og innhald for mastergraden: "Cellebiologiske og molekylærbiologiske metodar er sentrale i denne forskinga". Vi foreslår at studentar som er interessert i ei molekylærbiologisk tilnærming til toksikologi alternativt kan å søkje opptak til master i molekylærbiologi for å få plass på MOL300 Praktisk molekylærbiologi, og gjennomføre masteroppgåva hos BIO.

### Masterprogram i marinbiologi – studieretning utviklingsbiologi

MBI er positive og ser samarbeidsmoglegheiter for eit studieprogram om utviklingsbiologi, men det er også større utfordringar slik planane er lagt opp per i dag. MBI ønskjer konkrete løysingar på formelle problemstillingar før det kan bli trekt nokon konklusjonar i saka. Aktuelle problemstillingar er:

- Oppretting av eit felles studieprogram, eventuelt studieretningar under studieprogram ved BIO og MBI. Oppretting av studieretningar vil medføre ei stor omlegging av studieprogrammet ved MBI, og dette er ein prosess som krev utgreiing. MBI kan ikkje ta stilling til dette før tidlegast 1.oktober 2012.
- Økonomi, t.d. fordeling av resultatmidlar for masteroppgåver dersom hovudretteleiar er ved BIO/MBI og medretteleiar er ved MBI/BIO.
- Administrasjon av eit felles studieprogram.
- Bruk av obligatoriske MOL-emne som har få plassar og som i dag prioriterer studentar på BAMN-MOL eller MAMN-MOL.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

Molekylærbiologisk institutt  
Telefon 55584500  
Telefaks 55589683  
post@mbi.uib.no

Postadresse  
Postboks 7803  
5020 Bergen

Besøksadresse  
HIB - Thormøhlensgt. 55  
Bergen

Sakshandsamar  
Marielle Ryste Hauge  
55584529

- Ein konkret plan for bruk av molekylærbiologiske emne utover MOL100 i bachelorgraden i biologi.

Studieretninga har MOL300 Praktisk molekylærbiologi og MOL204 Bioinformatikk er skissert som obligatoriske emne i graden. Det er mogleg å auke kapasiteten i MOL204 ved å flytte emnet til eit større auditorium og auke kapasiteten på dataøvingane, men dette vil auke presset på undervisningsressursane til MBI.

Det er ikkje mogleg å auke kapasiteten på emnet MOL300 grunna fysisk storleik på undervisningslaboratoriet og tilgang på utstyr. Ein eventuell plassgaranti for studentar i utviklingsbiologi kan bli vurdert som ein konsekvens av eit felles masterprogram for MBI og BIO. Ein plassgaranti kan ikkje bli gitt på førehand, men som ein del av ein eventuell samarbeidsavtale levert til fristen for store studieplanendingar 1.oktober 2012.

Venleg helsing

Johan R. Lillehaug  
Instituttleder

Marielle Ryste Hauge  
Førstekonsulent

Kopi  
Oddfrid T. Kårstad Førland